

Norges vassdrag- og energidirektorat

Dato	15.01.2026
Vår referanse	2023/87082-22
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til tilleggsgutgreiingar til revisjonsdokumentet for Aurlandsvassdraget - landbru for villrein og produksjonsgrunnlaget for laks og sjøaure i Vassbygdelvi

Samandrag av innspel

Fylkeskommunen støttar etablering av landbru over Kongshellersundet m.o.t. villrein. Tiltaket er viktig for å reetablere trekkveg og betre tilhøva for villrein i Nordfjella. Effekten er positiv og uavhengig av andre friluftslivstiltak.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området for planlagt landbru, men det er potensial for funn knytt til førhistorisk jakt og fangst. Vi minner om at det er behov for å gjennomføre arkeologiske registreringar i samband med vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraga.

Innleiing og bakgrunn

I etterkant av synfaringa av Aurlandsvassdraget i samband med den pågåande vilkårsrevisjonen påla NVE Hafslund Kraft AS å greie ut etableringa av ei landbru over Kongshellersundet av omsyn til villrein, samt å undersøkje produksjonsgrunnlaget for laks og sjøaure i Vassbygdelvi. NVE ønskjer no innspel til desse utgreiingane frå m.a. Vestland fylkeskommune.

Kort skildring av tiltaket

Landbrua er tenkt bygd som fylling på 10 m bredde over Kongshellersundet. For produksjonsgrunnlaget for laks og sjøaure utgreiast ulike vassføringar i Vassbygdelvi, kvar det sleppast vatn og restaurering av sidelaup.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde

NVE har bedt Hafslund om å utgreie ei eventuell landbru over Kongshellersundet, for å reetablere trekkveg for villrein. Det kjem fram at ei eventuell landbru skal etablerast som ei fylling, og at tiltaket vil medføre ein anleggsperiode rundt tiltaksområdet med maskiner og trafikk på tilkomstveger, m.m.

Vi viser til høyring av revisjonsdokumentet for Aurlandsvassdraget og til vårt fråsegn, der vi uttaler at det behov for å gjennomføre arkeologiske registreringar i samband med vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraga.

Vi kan ikkje sjå at det er registrert automatisk freda kulturminne i område for landbru i sundet mellom Nyhellervatn og Kongshellervatn, men det er potensial for nye funn knytt til jakt og fangst av villrein i

førhistorisk tid. Vi veit at det er gjort funn av dyregraver og steinalderlokalitetar ved Kongshellervatn i samband med tidlegare arkeologiske undersøkingar på 1960-talet, men kartfestinga er dette ikkje oppdatert i kulturminnedatabasen.

Det er behov for ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.

Vassmiljø og fisk

Det er statsforvaltaren som har ansvaret for anadrom fisk og fisk i regulerte vassdrag, og det er dei som må vurdere om den supplerande vurderinga av produksjonspotensialet for laks og sjøaure i Vassbygdelvi er tilstrekkeleg. Vi har difor ingen merknad til tilleggsutgreiinga på dette tema.

Villrein

Vestland fylkeskommune støttar etableringa av landbru over Kongshellersundet m.o.t. villrein. Tiltaket er viktig for å ivareta historiske trekk og for å betre tilhøva for villrein i Nordfjella, som er ei hardt prøvd stamme. Landbru har vore etterspurt heilt sidan magasinet vart etablert, og er eitt av dei mest effektive tiltaka for villrein.

Naturrestaurering peikar på at tiltaket har positiv effekt for villrein, uavhengig av andre friluftslivstiltak. Vi ber NVE sjå bort frå kommentarar som svekkar betydninga av landbru. Kostnadsestimatet på om lag 29 mill. kroner (inkl. feilmargin) er lågt sett opp mot den totale ramma og den positive effekten.

Som del av den felles sti- og løypeplanen for Nordfjella, som fylkeskommunane snart startar arbeidet med, vil det samtidig greiast ut moglegheiter for eit meir villreinvennleg friluftsliv i Kongshellerområdet, inkludert vurdering av turisthytte og rutenett. Det nemnast her for å synleggjere at tematikken er velkjent for forvaltninga, og vil verte nøye vurdert. Dette styrkar ytterlegare argumentet for landbru over Kongshellersundet.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne – Silje Øvrebø Foyen
- Villrein – Bjørn Snorre Waage
- Vassmiljø – Finn Olav Myhren

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift

Kopi til:

AURLAND KOMMUNE

Vangen 1

5745

AURLAND

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

